

Innkalling

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Stranda rådhus, formannskapsalen
Dato	29.03.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksi.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

- PS 06/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 07/22 Meldingar
- MS 02/22 Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8. og 9. juni 2022
- PS 08/22 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda Hamnevesen KF
- PS 09/22 Handsaming av skisse for forvaltningsrevisjon - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa

Ålesund, 21.03.2022

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/22	Stranda kontrollutval	29.03.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Stranda kontrollutval - 08.02.2022

Møteprotokoll

Utval	Stranda kontrollutval
Møtestad	Rådhuset, møterom f-salen
Dato	08.02.2022
Tidspunkt	kl 16:00 - 17:00

Følgjande medlemmer møtte

Anne Melgaard Tårn
Eva Rinde Habostad
Helge Kvame
Per Ingebrigt Karbø
Vebjørn Skog

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte nestleiar Kurt Løvoll, oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Ann Kristin Bryne.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Ordførar Jan Ove Tryggestad var tilstade under heile møte.

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

- PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/22 Meldingar
- MS 01/22 Kontrollutvalhandboka i ny utgåve
- PS 03/22 Bestilling av skisse forvaltningsrevisjon kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa
- PS 04/22 Interimrevisjon 2021 Stranda kommune
- PS 05/22 Årsmelding 2021 Stranda kontrollutval

PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Stranda kontrollutval 08.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/22 Meldingar

Stranda kontrollutval 08.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 02/22 vedtak

Kontrollutvalet tok meldinga til vitande.

MS 01/22 Kontrollutvalhandboka i ny utgåve

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Stranda kontrollutval 08.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet tok meldinga til vitande.

PS 03/22 Bestilling av skisse forvaltningsrevisjon kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa**Tilråding til vedtak:**

Stranda kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggst fram på neste møte i Stranda kontrollutval som er 29. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport.

Stranda kontrollutval 08.02.2022**Behandling**

Votering: Samrøystes

STKU - 03/22 vedtak

Stranda kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggst fram på neste møte i Stranda kontrollutval som er 29. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport.

PS 04/22 Interimrevisjon 2021 Stranda kommune**Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten om interimrevisjon 2021 til vitande.

Stranda kontrollutval 08.02.2022**Behandling**

Votering: Samrøystes

STKU - 04/22 vedtak

Kontrollutvalet tek rapporten om interimrevisjon 2021 til vitande.

PS 05/22 Årsmelding 2021 Stranda kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Stranda kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

Stranda kontrollutval 08.02.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

STKU - 05/22 vedtak

Stranda kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 07/22	Stranda kontrollutval	29.03.2022

Meldingar

Underliggende saker

02/22 Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8. og 9. juni 2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 02/22	Stranda kontrollutval	29.03.2022

Forum for kontroll og tilsyn FKT - konferanse Kløfta 8. og 9. juni 2022

Tilråding til vedtak:

Samandrag:

Forum for kontroll og tilsyn arrangerer fagkonferanse for kontrollutvala 8.- 9. juni 2022 på Kløfta.

Påmeldingsfrist er 19. april

Tema for konferansen som er skissert er:

- Kontrollutvalet som bestiller
- Henvendelser til kontrollutvalget
- Habilitet og rolleklarhet
- Varslingssystem i kommuner
- Kommunedirektørens internkontroll

Pris: 6900 for medlemmer og 7300 for andre.

I kontrollutvalet si budsjettramme 2022 som vart oversendt kommunestyret i fjor haust, er det sett av budsjett til opplæring og kurs.

Om kommunen vel å bli medlem i Forum for kontroll og tilsyn så får ein nytte medlemsprisen og samtidig få tilgang på nyttig informasjon og fagkunnskap frå forumet seinare.

Meir informasjon i vedlagt program. Påmelding skjer her: <https://www.fkt.no/konferanser-og-seminar/fagkonferansen-8-9-juni-2022/>

Vedlegg

Program FKT sin fagkonferanse 8.-9.06.2022



Forum for
kontroll og tilsyn

FAGKONFERANSE / ÅRSMØTE

Velkommen!

8. – 9. juni 2022, Lily Country Club

GARDERMOEN

8. — 9. JUNI

Onsdag 08. juni

09:00	Registrering med mat
10:00	Velkommen til fagkonferansen Tage Pettersen, styreleder / FKT
10:05	Åpningsinnlegg om lovlighetskontroll (ikke avklart) Peter Frølich (H), leder Kontroll- og konstitusjonskomiteen / Stortinget
10:45	Kontrollutvalgets involvering i arbeidet med risiko- og vesentlighetsvurderinger (ROV) og planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll Frode Løvlie, manager / Deloitte
11:30	Pause
11:45	Kontrollutvalgets involvering i bestilling av forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen Kjartan Haugsnes og Roald Breistein, seniorrådgjevarar / Vestland fk. sekretariatet for kontrollutvalet
12:30	Kort pause
12:35	Paneldebatt: Hvorfor er det viktig at kontrollutvalget er en god bestiller?
13:00	Lunsj
14:00	Habilitet og dobbeltroller Erik Magnus Boe, professor emeritus / UiO
14:45	Pause
15:00	Forts. Habilitet og rolleklarhet - Krav til forsvarlig systeminnretning i forvaltningen (til 15.45)

Onsdag 08. juni / Årsmøte

16:00	Registrering til årsmøte 2022
16:15	Årsmøte 2022
17.15	Fri tid (se omtalen bak av hva hotellet har å by på)
19:45	Aperitiff
20:00	Felles middag på hotellet

Torsdag 09. juni

09:00 Ny veileder - håndtering av henvendelser til kontrollutvalget
Solveig Kvamme, rådgivar / Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS

09:45 Pause

10:00 Krav til varslingsystem i kommunen
Berit Weum Brenne, seniorinspektør / Arbeidstilsynet

11:00 Lunsj

12:00 Varslingssystemet i Fredrikstad kommune
Rita Holberg, kontrollutvalgsleder / Fredrikstad kommune

12:20 Kort pause

12:30 Ny veileder - Hva er internkontroll etter kommuneloven?
Siri Halvorsen, avdelingsdirektør / Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

13:15 Pause

13:30 Økonomisk internkontroll i praksis. Funn og erfaringer fra revisors arbeid
Fornavn Etternavn, tittel / KomRev NORD

14:20 Skråblikket
Ole Martin Ihle / Sammen med Harald Eia står Ole Martin Ihle bak TV-program som
Hjernevask, Brille og Sånn er Norge

14:50 Avslutning
Tage Pettersen, styreleder / FKT

Påmelding

FRIST: 19.APRIL 2022

Bindende påmelding* på www.fkt.no innen tirsdag 19. april 2022.
Det tas forbehold om endringer i programmet.

Deltakeravgift

Deltakelse m/ overnatting** (helpensjon):

Kr 6 900 (*Ikke medlem kr 7 300*)

Ekstra overnatting fra 7. – 8. juni: Kr 1 090

*Ved avbud etter at påmeldingsfristen har gått ut, blir det belastet et administrasjonsgebyr på kr 500 i tillegg til eventuelle kostnader FKT får til hotellet. Avbud siste 14 dager før konferansen gir full deltakeravgift.

**FKT har reservert rom på konferansehotellet. Tildeling ut fra mottatt påmelding (først til mølla).

Praktisk informasjon

ÅRSMØTET

Årsmøtet er åpent for alle, men det er kun medlemmer i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) som har tale-, forslags- og stemmerett.

Innmelding av saker

Medlemmer som har saker til årsmøtet, eller forslag om vedtektsendringer, må sende disse til sekretariatet senest seks uker før årsmøtet, innen 27. april 2022.

Utsending av sakspapir

Styret sender ut sakspapirene senest to uker før årsmøtet, innen 25. mai 2022.

Medlemskap

Dersom din kommune/ditt sekretariat ikke er medlem i FKT, men ønsker å møte på årsmøtet med stemmerett, må innmelding skje innen 25. mai 2022.

Kontakt

Leder i valgkomiteen:

Arild Røen, leder kontrollutvalget
Samnanger kommune |
arild.roen@dnb.no | 917 80 106

Ønsker du mer informasjon eller medlemskap i FKT? Besøk www.fkt.no eller kontakt sekretariatet v/generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen på telefon +47 414 71 166 eller fkt@fkt.no.

FØR MIDDAG

Hotellet kan by på spa med basseng, varm og kald kulp, badstue, tyrkisk dampbad og stilleområder.

Treningsrom

Muligheter for å gå tur i landlige omgivelser.

Hotellets nærmeste nabo er Miklagard Golfklubb.

FREMKOMST

[Lily Country Club](#),
Væringvegen 44, 2040 Kløfta

Hotellet ligger like ved Shell stasjonene i Kløfta krysset ved siden av Miklagard golfklubb.

Fra Oslo lufthavn, Gardermoen:
Ca. 20 minutter med shuttle buss via Kløfta stasjon. Pris per vei kr.100.

Se [Avgangstider](#)

PARKERING

180 parkeringsplasser. Pris pr døgn er max 130 kroner for sammenhengende parkering og 38 NOK per påbegynt time. 10 stk el-ladestasjoner, samt 10 HC-plasser. Ladning mot avgift.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/22	Stranda kontrollutval	29.03.2022

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2021 Stranda Hamnevesen KF

Tilråding til uttale:

Med grunnlag i kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttaler kontrollutvalet følgjande:

Stranda kontrollutval tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Stranda Hamnevesen KF.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen går føre seg i samsvar med gjeldande avgjersler og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Ny kommunelov forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak, jf. kommunelova § 14-3. Kommunen skal og utarbeide rekneskap for kvart kommunale føretak. Jf. kommunelova § 14-6.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 29. mars 2022 behandle årsrekneskap og årsmelding 2021 for Stranda Hamnevesen KF, som er lagt fram av føretaket 31. januar 2022, samt tilhøyrande revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 15. mars 2022.

Stranda Hamn KF har i 2021 eit netto driftsresultat på minus kr 2 399 723. Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknader til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalde. Verken kommunelov eller kontrollutvalsforskrift stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollera at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt.

Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagde årsrekneskapen, føretaket si årsmelding og revisjonsmeldinga.

I tillegg har oppdragsansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon. Revisor har bekrefta at bokføringa er i tråd med bokføringsregelverket. Ingen avvik er rapportert eller avdekt gjennom året frå kommunerevisjonen.

Føretaket si årsmelding

Årsmeldinga skal mellom anna omtale forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Det er nærliggande å vurdere dette som sentrale moment i uttalen frå kontrollutvalet. Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- føretaket si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane.
- tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagt sett i verk for å sikra ein høg etisk standard.
- den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.
- kva føretaket gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gjev opplysningar i forhold til desse punkta. Revisor melder òg i si

revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen. Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jf kommunelova § 14-3.

Vedlegg

Uavhengig revisor si melding 2021 - Stranda Hamnevesen KF

Årsrekneskap 2021 - Stranda Hamnevesen KF

Årsmelding 2021 - Stranda Hamnevesen KF - korrigert utgåve

Til kommunestyret i Stranda kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Kommunedirektøren
Styret

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Stranda Hamnevesen KFs årsregnskap som viser et netto negativt driftsresultat på kr 2 399 723. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2021, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Stranda Hamnevesen KF per 31. desember 2021, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Styret og daglig lederes ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver ved revisjonen av årsregnskapet vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 3.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Stranda Hamnevesen KFs redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Styrets og daglig leders ansvar for å redegjøre for budsjettavvik

Styret og daglig leder er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at det utarbeides og iverksettes rutiner som sikrer at alle vesentlige budsjettavvik identifiseres og beskrives. Dette gjelder både beløpsmessige rammer og vedtatte premisser for bruken av bevilgningene. I

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

årsberetningen skal styret redegjøre for vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å se etter om årsberetningen gir dekkende opplysninger om vesentlige beløpsmessige avvik fra årsbudsjettet og vesentlige avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene. Vi skal avgi en uttalelse om årsberetningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 302 Forenklet etterlevelseskontroll av vesentlige budsjettavvik. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik i årsberetningen

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 302, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for om det foreligger avvik fra budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene, og om det i årsberetningen er gitt dekkende opplysninger om årsakene til avvikene. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i konklusjon om årsregnskapet i revisjonsberetningen. Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Ålesund, 15. mars 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Kathrin Haram

oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 09/22	Stranda kontrollutval	29.03.2022

Handsaming av skisse for forvaltningsrevisjon - kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner skissa for forvaltningsrevisjon innan kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i Stranda kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektskissa.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunn:

Frå møteprotokollen til Stranda kontrollutval 8. februar 2022:

STKU - 03/22 vedtak Stranda kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggst fram på neste møte i Stranda kontrollutval som er 29. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport.

Vurdering:

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektskisse frå Kurt Løvoll i kommunerevisjonen. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Det er

også mogleg å diskutere nærare denne skissa i møtet og kome med innspel. Kontrollutvalet i Stranda kommune bør derfor vedta forslag til skisse og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektskissa som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert skisse som kan handsamast på etterfølgjande møte. Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å akseptere den reviderte skissa. Ein kan opplyse om at det har vore møte mellom kommunerevisjonen og sekretariatet i arbeidet med framlagte skisse.

Vedlegg

Prosjektskisse forvaltningsrevisjon kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa 2022 - Stranda kommune

Erklæring om oppdragsansvarleg revisor sitt sjølvstende - Stranda kommune



PROSJEKTPLAN

STRANDA KOMMUNE

KVALITET OG RESSURSBRUK I GRUNNSKULEOPPLÆRINGA

Mars - 2022

BESTILLING

Stranda kontrollutval gjorde følgende vedtak i sitt møte 08.02.2022 – i sak 03/22:

Stranda kontrollutval bestiller ei skisse for gjennomføring av forvaltningsrevisjon kvalitet og ressursbruk i grunnskuleopplæringa i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere skissa med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne skissa leggst fram på neste møte i Stranda kontrollutval som er 29. mars 2022 og skal være grunnlaget for endeleg rapport.

Bestillinga er i tråd med vedteken Plan for forvaltningsrevisjon.

TILSTANDSRAPPORTAR GRUNNSKULEN

I Tilstandsrapport for grunnskolen 2020 blei det uttrykt bekymring knytt til utviklinga i grunnskulane i Stranda. Elevar som mottek spesialpedagogisk undervisning har langt fleire timar enn elevar i samanliknbare kommune og landet. I tillegg til dette var talet på elevar som mottek spesialundervisning prosentvis mykje høgare enn samanliknbare kommunar og landet.

Kvifor er det slik? Har vi ei så spesiell elevmasse i Stranda? Har normalen blitt «for smal? Brukar vi rett kompetanse på rett plass? Gjer vi dei rette tinga? Det kan stillast mange fleire spørsmål rundt dette, og det må vi gjere i tida framover. Systematisk gjennomgang i samhandling mellom skular, PPT barnevern, skulehelseteneste og eventuelt andre vil gi oss svar på kvifor det er slik og også kva som må til for at vi skal greie å snu utviklinga.

I Tilstandsrapport for grunnskolen 2021 vart det skrive at arbeidet med å sjå på kva som har verknad på barn og unge si læring og det tverrfaglege samarbeidet er oppstarta gjennom prosjektet ABSOLUTT. I tillegg skal ein inn i eit kartleggingsarbeid saman med Høgskulen i Volda med tanke på kompetanse og behov framover i forbindelse med Kompetanseløftet. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Målgruppa er tilsette i barnehage og skole, barnehage- og skuleeigar, tilsette i PP-tenesta og andre tverrfaglege teneste i kommunane og fylkeskommunen. Prosjektet skal gi svar på kva kompetanse vi har og kva vi må ha i framtida. Samstundes skal det kartleggast kva som er forventa ligg i det ordinære tilbodet og kan gjevast som tilpassa opplæring. Dette for å snu «trenden» frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.

KJELDER TIL REVISJONSKRITERIUM

Revisjonskriterium er krav eller forventningar som vi vurderer funna i undersøkinga opp mot. Revisjonskriterium skal vere grunnlagt i, eller greidd ut frå autoritative kjelder innan det reviderte området, som til dømes lover, føreskrifter, politiske vedtak, retningslinjer, mål, føringar med meir.

I dette prosjektet vil det vere naturleg å leggje følgjande hovudkjelder til grunn for å kunne utleie revisjonskriterium:

- Opplæringslova
- Forskrift til opplæringslova
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Intensivopplæring for elever frå 1.-4, trinn»
- Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet: «Spesialundervisning»
- Overordna dokumenter knytt til Stranda kommune sitt grunnskuleområde (til dømes oppvekstplan, skoleeigarstrategi og andre styringsdokument)
- Stranda kommune sine prosedyre på området – både på skuleigarnivå og på skulenivå
- Tilstandsrapportar for grunnskolen i Stranda for åra 2019, 2020 og 2021
- Utskrifter av resultat frå nasjonale prøver gjennomført på 5., 8. og 9. årstrinn i skoleårene 19/20 og 20/21.
- Prosedyre for etterarbeid med resultata av nasjonale prøver på ulike årstrinn
- Utskrifter av resultat frå gjennomførte elevundersøkingar 2019, 2020 og 2021.
- Stranda kommunes rapportering til Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) 2019, 2020 og 2021

I opplæringslova § 1-4 står det:

På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørgje for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.

Eit grunnleggjande problem i skule-Noreg er at læringsutfordringar som oppstår tidleg, i for stor grad får utvikle og forsterke seg over tid. For elevar på 1. til 4. årstrinn som står i fare for å bli hengande etter, er det derfor viktig å forsterke den tidlege innsatsen. Det vil og kunne førebyggje tal på elevar som blir meld til PPT for sakkyndig vurdering og eventuelt spesialundervisning.

Ferdigheiter i lesing, skriving og rekning er viktig for den framtidige læringa og meistringa til eleven. Disse ferdigheitene er viktige seinare i arbeids- og samfunnslivet. Dersom det ikkje

blir satt i verk tiltak tidleg i opplæringsløpet, blir forskjellane i læringsutbytte mellom elevane forsterka – og dei blir større utover i opplæringsløpet. God og kompetent hjelp så tidleg som mogleg vil vere god ressursutnytting.

Intensiv opplæring er meint å vere ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det skal vere ein kortvarig og målretta innsats frå skulen i lesing, skriving eller rekning for elevane som har behov for det. Målet er at elever som treng det, raskt skal få egna støtte og oppfølging slik at problema ikkje får moglegheit til å utvikle og forsterke seg vidare i opplæringsløpet.

Eit viktig verkemiddel for å fremme læring og tilpasse opplæringa, er undervegsvurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 3-10 første ledd. Av forskrift til opplæringslova § 3-2 første ledd følger det at alle elever har rett til slik vurdering. Vurderinga kan formidlast munnleg eller skriftleg, og den skal brukst til å vurdere om den einskilde elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa/undervisninga.

Opplæringa i grunnskolen skal, jf. forskrift til opplæringslova § 1-1, vere i samsvar med Kunnskapsløftet 2020. Læreplanverket skal styre innhaldet i opplæringa og består av:

- ein overordna del
- plan for fag- og timestfordeling
- læreplanar for det enkelte fag

I den overordna delen av Læreplanverket er tilpassa opplæring eit grunnleggjande prinsipp som skal vere styrande for skolane sin praksis. I læreplanane for de enkelte fag inngår blant anna kompetansemål knytt til det enkelte trinn. Gjennom opplæringslova § 13-3e at skal kommunen sørge for at skolane jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Det overordna ansvaret for at den type vurderingar som opplæringslova § 13-3e føreskriv, blir gjennomført, er etter kommunelova § 25-1 kommunedirektøren sitt ansvar.

I opplæringslova § 10-1 står det at den som skal tilsettest i undervisningsstilling i grunnskulen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Av § 10-2 følgjer det at tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga de skal undervise i. Det følgjer av same bestemming, tredje ledd, at kravet om relevant kompetanse ikkje gjeld for undervisningspersonale som er tilsett på vilkår om at dei fullfører relevant utdanning (som føre til at dei oppfylle kompetansekrav forbundet med stillinga).

For småtrinnet (1.-4. trinn) og mellomtrinnet (5.-7. trinn) ligg det føre det bestemte krav om universitets- eller høgskoleutdanning (førskolelærer, barnehagelærer, grunnskolelærer mv.) av eit visst omfang. For undervisning i norsk, samisk, norsk teiknspråk, matematikk eller

engelsk er det med enkelte unntak, krav om minimum 30 studiepoeng (tilsvarande eit halvt års fulltidsstudium) med direkte relevans for faget/faga den enkelte underviser i.

PROBLEMSTILLINGAR

- Tilbyr Stranda kommune tilpassa opplæring i ordinær undervisning i tråd med opplæringslova og anbefalingar på området?
 - Har Stranda kommune – både på skuleeigarnivå og på skulenivå, rutine for å sikre at elevane på 1.-4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving og rekning, får intensivopplæring?
 - Blir denne intensive opplæringa organisert etter regelverket? (Ved eineundervisning – får eleven gi sitt syn på saken, jf. barnekonvensjonen art. 3 at eit barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal ha rett til å gje uttrykk for synspunkta i alle forhold som gjelder barnet. Synspunkta til barnet skal bli tillagt vekt i samsvar med alder og modenheit.)
 - Har skulane ein plan for foreldresamarbeid i slike saker?
 - Mottek elevane ved skulane i Stranda kommune undervegs-vurdering i faga?
 - Gjennomfører kommunen dei overordna vurderingane av opplæringstilbodet som kommunen jamleg skal gjennomføre: utarbeiding av årleg tilstandsrapport, gjennomføring av elevundersøkingar og deltaking i dei nasjonale prøvane, inkludert etterarbeid av slike, jf. § 13-3e i Opplæringslova? Blir elevane involvert i denne vurderinga?
- Har Stranda kommune undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for undervisning i grunnskulen?

METODE

Intervju med tilsette i kommunen (Kommunalsjef oppvekst, Rektor Ringstad skule, Rektor Sunnylven skule, Rektor Geiranger skule og barnehage).

Dokumentanalyse:

Ved vurdering av undervegs-vurdering, vil revisor foreta eit utval for stikkprøvar. Revisor vil be rektor å velje namn frå klasseliste og be om å få sjå eventuell dokumentasjon på

undervegs-vurderingar av desse - med bakgrunn i rektor sin beskriving av skolen sin vurderingspraksis. Resultata frå slike stikkprøver gir ikkje grunnlag for sikker «generalisering» frå dei aktuelle elevane til alle skolens elevar. Tatt i betraktning at representantar frå skolane får styre utvalet av elevar vurderingsarbeidet skulle dokumenterast for, vil likevel resultata av stikkprøvane gi indikasjonar på om skolane generelt gir elevane undervegs-vurderingar.

Dei meir overordna vurderingane av grunnskuletilbodet sin kvalitet, vil vere basert på samtale med rektor samt dokumentanalyse av fleire relevante dokument, jf. kjelde til revisjonskriterier.

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

NAVN	TITTEL
Kurt Løvoll	Oppdragsansvarleg
Anne Kristin Bryne	Forvaltningsrevisor

Vi estimerer at prosjektet kan gjennomførast på 250 timar. Dette inneheld utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGT UTFØRT
Handsaming prosjektplan i kontrollutvalet	29. mars 2022
Oppstartsbrev og møte med kommunedirektør	April 2022
Datainnsamling	Mai – juni 2022
Arbeid med rapport	August 2022
Høyringsperiode	September 2002

For å kunne gjennomføre prosjektet innan planlagd frist og med stipulert timebruk, er det nødvendig at kommunen sender over dokumentasjon innan fristane som blir sett. I tillegg må utvalde personar stille til intervju, samt verifisere referat innan rimeleg tid.

UAVHENGIGHEIT

Som vedlegg ligg erklæring om uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor har henta inn tilsvarande erklæringar frå revisjonsteamet, og har også ansvar for å gjere dette dersom det blir nødvendig at andre i Møre og Romsdal Revisjon SA blir involvert i arbeidet.

SJEKKLISTE FOR UAVHENGIGHET

KVALITET OG RESSURSBRUK I GRUNNSKULEOPPLÆRINGA – STRANDA KOMMUNE

Kommuneloven § 24-4 samt forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16-19	Eventuell merknad
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis revisoren eller revisorens nærstående ¹ har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i kommunen eller fylkeskommunen	
Revisor kan ikke ha andre stillinger i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av	
Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i en virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av ² .	
Revisor kan ikke delta i eller ha funksjoner i en annen virksomhet, hvis det kan føre til at revisorens interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen eller fylkeskommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisoren	
Revisor kan ikke utføre rådgivningstjenester eller andre tjenester for kommunen eller fylkeskommunen, hvis dette er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet	
Revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den reviderte virksomhetens egne ledelses- og kontrollopgaver	
Revisor kan ikke opptre som fullmektig for den reviderte virksomheten, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.	

¹ Nærstående etter første ledd er:

- a) revisorens ektefelle eller samboer og deres søsken
- b) revisorens slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og deres ektefeller eller samboere
- c) revisorens søsken og deres ektefeller eller samboere
- d) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje til revisorens ektefelle eller samboer.

² Dette gjelder ikke hvis virksomheten utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap, samvirkeforetak eller aksjeselskap

UAVHENGIGHETSERKLÆRING

I forbindelse med arbeidet med forvaltningsrevisjonen


KVALITET OG RESSURSBRUK I GRUNNSKULEOPPLÆRINGA – STRANDA KOMMUNE

kjenner jeg ikke til slektsforhold eller andre familiære forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg kjenner heller ikke til andre forhold som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Jeg forplikter meg til å informere ledelsen ved revisjonen dersom det underveis i prosjektet skulle oppstå situasjoner som medfører at det kan stilles spørsmål ved min uavhengighet eller objektivitet.

Ålesund, 16.03.2022



Kurt Løvoll

Oppdragsansvarlig revisor